

Dato 26.02.14	Elevkode r 609x	Kjønn: jente gut	Det første språket du lærte: norsk anna	
------------------	------------------------	------------------------	---	--

Skriveoppgåve :

Førestill deg at du har gjort noko, som har ført til at det er begynt å brenne. Du blir veldig i tvil om du skal varsle om brannen eller berre stikke av. Fortel kva som skjer, og kva du tenkjer.

SKOGBRANNEN

Eg og min venn F1 skulle berre gå ein heilt vanleg tur i skogen, som ligg litt overfor huset mitt. F1 hadde overnatta hos meg, og i dag hadde vi berre vore inne og sett på tv. Difor føreslo mamma at vi skulle gå oss ein tur og tenne bål, grille pølser og kose oss. Og det var akkurat det vi gjorde.

Då vi hadde gått ca. ein halvtime fann vi ein perfekt plass. Vi fann nokre kvistar og litt tørr bark, og lagde eit lite bål. F1 hadde med fyrstikker fordi verken eg eller ho klarer å bruke lighter. F1 sette fyr på tre fyrstikker, og la dei ned i bålet.

Vi sette oss ned. Eg tok opp telefonen og såg på klokka, den var akkurat 14.00. Eg kom plutseleg på at vi hadde jo gløymt drikke, eg sa det til F1, at eg hadde gløymt drikke. Men eg hadde jo glas, så sa eg til F1 det må vere rennande vatn i nærheita her ein plass, vi kan jo berre ta glasa og fylle dei opp.

Så vi gjekk for å finne rennande vatn. Vi gjekk så langt at vi ikkje såg igjen plassen vi hadde tent bålet på. Vi fann ei lita elv der vi fylte glasa opp med vatn.

Vi følgde vegen vi hadde gått på bort til elva. Då vi hadde gått eit lite stykke, såg eg røyk og litt flammer. Eg forstod det ikkje, vi hadde jo tent eit lite bål, det var vel ikkje så stort at eg kunne sjå det herifrå. Eg sa at F1 skulle sjå, og så sa ho - Tenk viss det brenn ! Vi la på sprang bort og såg. Og som ho sa, brannen hadde spreidd seg! Vi heiv glasa vi hadde med vatn over flammene, men det hjelpste ikkje, graset var heilt tørt, for det hadde ikkje regna på lenge.

Kva skal vi gjere no? tenkte eg, skulle vi berre reise herifrå og late som ingenting, eller skulle vi ringe brannvesenet? Eg spurde F1. Ho sa at vi kan ikkje ringe endå, vi må prøve å slokke brannen.. Å nei, eg kjente panikken komme. Eg begynte å skjelve i knea, hjartet hadde klatra oppi halsen på meg, det kjendest ut som om eg blei kvalt. Eg pusta kjempetungt, og så kom det eklaste-eg begynte og kaldsveitte, eg var heilt klam i hendene.

Eg var heilt einig med ho vi måtte prøve å slokke brannen sjølve først. Eg opna sekken, og heiv alt som var oppi ut, sprang bort til elva som var ca. 100 m vekk. Eg fylte sekken opp med vatn og sprang tilbake og heiv vatnet over bålet. Og det same gjorde F1. Då vi hadde sprunge fleire gangar, gav vi opp.

Eg tok opp telefonen og gjorde det som måtte gjerast, eg ringte brannvesenet. Og dei kom og sløkte den, og dei sa at vi måtte vere meir forsiktige med sånt. Han sa at han skulle sende oss heim, og sei kva som hadde skjedd. Å nei, tenkte eg. Han kunne ikkje sei til mamma kva som hadde skjedd, ho kom til og bli kjempesur, kanskje så sur at ho sender meg vekk, til Afrika! Ho blir sikkert så sur at ho ikkje vil ha meg lenger.

Vi kom heim, og brannmannen sa alt som hadde skjedd. Mamma såg på meg og eg forventa kjefting og smelling, men nei. Ho sa -Å takk og pris at det er bra med dokke! Kom inn til så lagar eg litt mat til dokke, og så gav ho oss ein klem. Og ho som pleier å lage mat som smakar pyton, akkurat den maten er det beste eg nokon gong har smakt!